



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 19.02.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
20/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	27.02.2024

Endringar i forslag til kommuneplanen sin arealdel etter 1. gongs høyring

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan-, miljø- og ressursutvalet vedtar at motsegnene blir løyst, og at kommuneplanen sin arealdel blir lagt fram til vedtak for kommunestyret utan nye arealformål.

Tidlegare vedtak i sak 82/23 pkt. 1 blir oppheva.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 20/2024 i møte den 27.02.2024:

Handsaming:

Framlegg frå Jørund Kvaale Hansen (AP/SP):

Følgande innspel til arealplanen vert lagt til arealplanen:

- Endurobane ved Nesmoen
- Solkraftverk ved Skjevraksnuten
- Solkraftverk ved Lyngnes

Administrasjonen tek initiativ til dialogmøte med enduroklubben for å sjå på muligheter for å avgrense størrelsen på området og meir detaljert konkretisering av prosjektet.
Arealplanen inkludert desse tre områda sendast ut til 2. gongs høyring.

Framlegg frå Anne Eikerapen (H):

Som kommunedirektøren sitt forslag med dette tillegget:

Straks etter vedtak i kommunestyret starter kommunedirektøren revidering av KPA med formål å få med endurobane og LNF spreidd i ny KPA.

AP/SP sitt framlegg opp mot Høgre sitt framlegg: AP/SP sitt framlegg fekk flest røyster. 2 røysta mot (H).

Røysting over AP/SP opp mot kommunedirektøren sitt framlegg: AP/SP sitt framlegg blei vedteke mot to røyster (H).

På slutten av møtet kom det ei mindretallsanke frå representantane i Høgre: «Bygland Høgre bed om at sak 20/24 blir løfta til kommunestyret.»

Vedtak:

Følgande innspel til arealplanen vert lagt til arealplanen:

- Endurobane ved Nesmoen
- Solkraftverk ved Skjevraksnuten
- Solkraftverk ved Lyngnes

Administrasjonen tek initiativ til dialogmøte med enduroklubben for å sjå på muligheter for å avgrense størrelsen på området og meir detaljert konkretisering av prosjektet.

Arealplanen inkludert desse tre områda sendast ut til 2. gongs høyring.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka

Planforslaget har vore på 1. gongs høyring, og det førre utvalet gjorde vedtak på sine vurderingar i sak 82/23. Nytt plan, ressurs og miljøutval har overtatt som styringsgruppe for revidering av kommuneplanen sin arealdel, og skal gjere sine vurderingar av det vidare planarbeidet. Agder fylkeskommune fremma motsegn til tre område og Statsforvaltaren i Agder fremma motsegn til fire område. To av motsegna er samanfallande.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova §§ 11-5.

Vurderingar og konsekvensar

Plan, miljø og ressursutvalet hadde eit arbeidsmøte saman med administrasjonen 20.01.2024 der omfang av endringar i planforslaget basert på tidlegare vedtak i PMR, vart drøfta. I tillegg vart konsekvensar av å utgreie LNF spreidd bustad/fritidsbustad i planarbeidet, drøfta. Drøftingane ligg til grunn for det vidare planarbeidet.

Nye arealformål i planforslaget

Endra bruk av areal i planen utløyser behov for 2. gongs høyring jf. pbl § 11-15. Her står det i første ledd andre punktum at:

“Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.”

Dersom det tas inn nye formål med krav om konsekvensutgreiing, så må administrasjonen utarbeide det. Det vil gjelde dersom LNF spreidd bustad blir tatt inn i planarbeidet. Ved å innarbeide LNF spreidd bustad, vil planen legge til rette for enklare saksbehandling og auka forutsigbarheit. Det vil også føre til at vedtak av arealplanen med sine avklarte arealendringar, blir utsett med anslagsvis eit år.

Dersom det ikkje tas inn nye arealformål i planforslaget, vil planen med mindre endringar som justering av føresegner og retting av plantekniske feil, gå til vedtak i kommunestyret i løpet av våren 2024.

Dersom nye arealformål tas med i planforslaget til 2. gongs høyring og det kjem motsegn til områda, kan planen bli vedtatt utan rettsverknad for område med motsegn.

Dialog om motsegner

Det er gjennomført dialogmøte med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder gjeldande motsegnene dei har til planforslaget. Det blir mekling med begge partane for å løyse motsegnene, før planen blir lagt fram til vedtak.

Kommunestyret gjer vedtak om konklusjon på motsegnene i eiga sak, og vedtaket blir sendt til planutvalet i fylkeskommunen slik at dei kan gjere sitt vedtak.

Konklusjon

Kommunedirektøren anbefaler at forslaget til kommuneplanen sin arealdel blir ferdigstilt og vedtatt utan nye formålsområde. Vurdering av ny revisjon av arealdelen blir gjort etter at samfunnsdelen er vedtatt for å ta omsyn til eventuelle føringar frå denne. Ny revisjon må gjerne ha fokus på utvald tematikk som LNF spreidd og fornybar energi.

Dersom plan, miljø og ressursutvalet følgjer kommunedirektøren si innstilling blir vedtak i sak 82/23 pkt. 1 oppheva.

Vedtak i sak 82/23:

1. Styringsgruppa for KPA tilrår at innspelet om å take med forslag om Endurobane i komande KPA blir imøtekomen. Dette inneber at KPA må leggjast ut på ny høyring. Som konsekvens av dette tilrår Styringsgruppa at ny styringsgruppe og PMR - utval

vurderer om det er aktuelt å samstundes take inn flere tema i ny høyring. Aktuell tematikk vil kunne vere å sjå på moglegheitene for å avsetje meir areal i kategorien «LNF – spreidd» i ny KPA.

2. Innspel 214 pkt 3 og innspel 222 pkt 3 går vidare til mekling. Seint innkome innspel om tilbakeføring av område til LNF for eigedom 30/2 på Haugemonen, blir innarbeidd i planforslaget.

Bygland, 14.02.2024

Kommunedirektør